

Seinka persen med åtte og 10 sekunder!

23.02.2009



Stian Sebastian under trening på Husness. (Foto: Anita Enæs)

Den einaste konkurransesymjaren i Uskedalen, Stian Sebastian Enæs Fjeldsbø (biletet), var med i KM i Sentralbadet i Bergen i helga og gjorde ein fin innsats, som andre symjarar frå Trio.



Stian Sebastian i full fart under KM i Bergen. (Foto: Hans Haukland)

Dei fleste symjarane frå gruppa seinka dei personlege rekordane sine med mange sekund.

Stian Sebastian seinka til dømes rekorden sin på 50 meter fri med åtte sekunder til 39,12 og på 100 meter fri med 11 sekunder til 1,32,06. Han vart nummer 10 og ni på dei to distansane.

På 50 meter bryst vart han diverre diska på grunn av feilvending - han tok i kanten over vatn i staden for under vatn.

Symjarane hadde to fine dagar i Bergen. Ikke minst tykte dei det var stort at dei fikk møta sitt store førebilete Alexander Dale Oen under meisterskapet. Han møtte opp og symde!